

Reglar for tur til Polen 2025

1. Ordensreglement for grunnskulane i Time kommune og Lye ungdomsskule sine orden- og åtferdsreglar gjeld på turen. Dette inneber mellom anna at:
 - Kjøp, bruk og oppbevaring av alkohol og alle andre typar rusmiddel er strengt forbode.
 - Det er ikkje høve til å ha med, oppbevare eller kjøpe våpen.
(Til dømes stikkvåpen og slagvåpen)
 - Alle brot på reglane får fylgjer for endeleg vurdering i orden/åtferd.
2. Det er ikkje høve til å kjøpe, oppbevare eller ha med laserpenn, fyrverkeri eller liknande.
3. Alle klokkeslett og avtalar skal haldast.
4. Alle skal gå i grupper og gjere tydelege avtaler med dei ansvarlege vaksne når det er nødvendig (handletur i Krakow)
5. Om elevane vil forlate hotellet (gå på butikk i nærområdet), må det vere med ein vaksen
6. Elevane må rette seg etter tilsnakk frå alle vaksne.
7. Det er ikkje lov å tatovere eller pierce seg på turen.
8. Kjøp og bruk av tobakk og snus er ikkje lov.
9. På hotella må me ta omsyn til andre gjester. Hotellet sine reglar skal fylgjast. Det skal alltid vere ro seinast kl. 22.00 viss ikkje anna er avtalt.
10. Gjentekne brot på reglane kan føre til heimsending.

Heimsending:

Brot på følgjande punkt blir teke opp av lærarane i samråd med rektor og fører til heimsending:

1. Forsøk på kjøp, oppbevaring og bruk av alkohol eller andre rusmiddel.
2. Alvorleg hæverk.
3. Setje andre i fare, til dømes bruk av vald.
4. Andre alvorlege og gjentekne brot på ordensreglane, til dømes tjuveri og mobbing.

----- Frist 15.10.25.-----



Me har lese gjennom reglane for Polen-turen 2025, snakka om dei og godteke dei.

Dato: _____

Elev: _____

Føresett: _____